



AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE
FYLKESRÅDMANNEN

Gjerstad kommune

Kommunehuset
4980 Gjerstad

Saksbehandler: Sissel Bakke/Frank Allan Juhl
Direkte tlf.: 37017498

Deres ref.: 2007/391-5
Vår ref.: 2007/773-
6909/2007

Vår dato: 28.03.2007
Arkivnr: L12

REGULERINGSPLAN LINDVOLLHEIA, GJERSTAD KOMMUNE. MELDING.

Me viser til brev dagsett 28 februar 2007 kor de melder start av reguleringsplan for Lindvollheia på Brokelandsheia. Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for bustadbygging. Området er sett av til buføremål i kommuneplanen og planavdelinga har ingen merknader til at ein set igong reguleringsarbeidet.

Viktige premissleverandørar og omsyn i det vidare reguleringsarbeidet vil vere;

- Barn og unge, jamfør rundskriv T – 1/95. Det skal finnast areal i nærmiljøet som gjer at barn og unge får eit trygt oppvekstmiljø med areal til leik og fysisk utfolding i naturen. Areal skal vera sikra mot støy, forureining og annan helsefare. Det må leggjast til rette for trygg adkomst til leikeareal og andre aktuelle område.
- Miljø. Det må takast omsyn til samordna areal og transportplanlegging og leggjast til rette for eit godt kollektivtilbod og for ein infrastruktur som inneber minst mogleg støy og luftforureiningsulemper for bustadområdet.
- "Det gode liv." Dette er ein av hovudstrategiane i fylkesplanen for å utvikle fylket til ein god stad å bu, leve og arbeide i. Detaljplanlegginga må leggje til rette for at bustadområdet vert meir enn x tal hus men genererer eit godt bumiljø med gode bukvalitetar.
- Universell utforming
- Energi og klima.
- Estetikk

Planavdelinga føreset at ein greier ut korleis ein har ivaretatt desse omsyna i reguleringsplanen når planforslaget kjem på høyring.

Det er ikkje gjort arkeologiske undersøkingar i planområdet. Dette må gjerast før ein kan godkjenne reguleringsplanen, jf § 9 i kulturminnelova. Kulturminnevernseksjonen sender eige brev med forslag til kostnader og gjennomføring.


Postadresse:
Serviceboks 606
4809 Arendal

Besøksadresse:
Ragnvald Blakstadsvei 1

Telefon: 37017300
Telefax: 37017303
Bank: 6318.05.49015

e-postmottak: postmottak@aa-f.kommune.no
Organisasjonsnr.: 943 039 046
Hjemmeside: www.aa-f.kommune.no

Med helsing


Ola Olsbu
Plansjef


Sissel Bakke
Rådgjevar

Kopi til

Statens vegvesen, region sør
Fylkesmannen i Aust Agder, miljøvernavdelinga